



Fornøgte helselagsdamer med årets julepakkar i eska framfor seg.

Uskedal helselag held gode tradisjonar i hevd. I førjulstida har dei lange tradisjonar for sende julepakkar og - helsingar til eldre og sjuke. Då eg var innom Gamleskulen i halv åtte-tida tirsdag kveld, var gjengen nett ferdige med å pakka inn julepresangar til pasientar ved Valen sjukehus. Dette har dei gjort i mange tiår.

Tradisjonen med pakkar til Valen er svært gammal. Ein må nok søkja i gamle protokollar for å finna eksakt kva år det starta. Margit Eik og Hilda Guddal er dei to i pakkegjengen som kom først med i helselaget. Det var i 1963. Dei kan stadfesta at pakkesendinga starta etter det. Dei to har vore med i pakkegjengen i alle år, og i år var tilsaman 8 helselagsdamer i aktivitet med pakkinga. 7 av dei ser vi på bildet over. Det er bak f.v.: Eli Roseth Eik, Klara Bakke og Berit H. Myklebust, og framme sit Selma Eik, Hilda Guddal, Margit Eik og Marit Hauge. Lene Gjuvsland Skjelnes var også med på pakkinga, men ho var ikkje tilstades då bildet vart teke.

Etter pakkinga slappa dei av med kaffi og mat, og det var god stemning blant damene rundt bordet.

Helselaget hugsar også på fleire med helsingar i samband med jula. Det er tradisjon at laget gjev blom til alle i bygda over 90 år. I tillegg gjev dei til alle uskedelingar som bur på sjukeheimane i kommunen. Denne utdelinga startar i desse dagar. Dette vert også sett stor pris på. Dei aktive damene i Uskedal helselag er nokre skikkelege gledespreiarar, og dei kosar seg med det.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland